



FYLKESMANNEN I HORDALAND  
Miljøvernavingdelinga

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Torgeir Flo, 55 57 22 27

...  
Radøy kommune  
Krossvegen 8  
5936 MANGER

...

Vår dato

Vår referanse

Dykkar dato

Dykkar referanse

02.08.02

10 SEPT. 2002

02/09002-421.41-TFL

02/09002-421.41-TFL

KOMMUNE

200200050-15/L12

JOURNAL NR.	1099	ARKIV NR.	L12
AVD.			
SAKSBEH.	EEL	KOPITL.	
ARK.KODE	P	ARK.KODE	S
PRESEDENS		KASSASJON	

**RADØY KOMMUNE - BRESSVIKA  
REGULERINGSPLAN FOR BUSTADFELT I BRESSVIKA  
TREKKING AV MOTSEGN**

Vi syner til brev 02.08.02 med presiseringar til reguleringsplan for Bressvika og meklingsmøte 16.05.01.

Fylkesmannen finn at ein langt på veg har teke omsyn til motsegna i det føreliggande planutkastet. M a er bustadane trekket lengre vekk frå strandkanten, småbåthamna er plassert på eit mindre eksponert strandområde og naustrekkja er fjerna.

Vi har i denne saka vore særskildt klare på at inngrep i strandsona må unngåast. Planering av eit område i strandkanten mot søraust for båtopplag er difor vere uheldig. Fylkesmannen kan berre gå med på at det vert lagt til rette for at ein kan transportera båtar frå/til båt-opptrekket. Det kan naturlegvis godtakast at båtar vert vinterlagra på land i området. Plass for båtopplag må difor takast ut av plankartet. Heile området i syd-aust for tomt 6 må få formål friluftsområde.


I planføresegnene må det presiserast at ålmenta skal ha tilgang frå offentleg veg til friluftsområdet i planen. Det må og presiserast i føresegnene at plassering av bustad på tomt 6 må trekkjast så langt som mogeleg opp mot grensa til T7.

Vidare må plankart og føresegner rettast slik at dei er i samsvar med plan- og bygningslova.

Dersom planen blir retta i samsvar med desse merknadene vil fylkesmannen trekkje motsegna til planen og planen kan då eigengodkjennast i kommunen.

Med helsing

  
Terje Aasen  
Fylkesmiljøvernssjef

  
Egil Hauge  
Seksjonsleiar